

VEDTEKTER
FOR
MØRENETT AS
(20.10.2017)

1. Selskapet sitt namn er Mørenett AS.
2. Selskapet har forretningskontor i Herøy kommune.
3. Selskapet sitt føremål er å eige, utvikle, bygge og drifte nett for overføring av elektrisk energi, samt å delta i relaterte verksemder og selskap.
4. Aksjekapitalen er kr 400 000 000, fordelt på 10 000 aksjar à kr 40 000.
5. Styret skal dimensjonerast innanfor ramma av balanse mellom eigarane. Aksjonærane skal ha likt tal aksjonærvalde styremedlemer i selskapet. Dei tilsette sine representantar vert regulert etter aksjelova § 6-4 (2) og tilpassa aksjonærane si dimensjonering av styret.
6. Selskapet sitt firma blir teikna av dagleg leiar og styret sin leiar i fellesskap eller dagleg leiar og to styremedlemer i fellesskap.
7. Den ordinære generalforsamlinga skal behandle:
Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga, under dette utdeling av utbytte samt andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.
8. Ekstraordinær generalforsamling skal haldast når styret finn det nødvendig. Likevel skal generalforsamlinga innkallast når aksjonærar som representerer minst ein tiandedel av aksjekapitalen, eller revisor skriftleg krev det og alle oppgir kva for emne som er ønskt behandla.
9. Vedtak i generalforsamlinga krev fleirtal som for vedtektsendingar.
10. Innkalling til ordinær og ekstraordinær generalforsamling skal skje med minst 21 dagar varsel.
11. Selskapet skal ha valkomité som skal ha i oppgåve å gje innstilling til generalforsamlinga om val av aksjonærvalde styremedlemer og varamedlemer samt godtgjersle til styremedlemene.
Valkomiteen skal bestå av dagleg leiar eller styreleiar hos aksjonærane.
Generalforsamlinga skal vedta instruks for valkomiteen.
12. Elles blir det vist til den til ei kvar tid gjeldande lovgjeving.